



## **BESTANDSPLAN 2019 – 2021**

GULEN – MASFJORDEN BESTANDSPLANOMRÅDE

## INNHOLD

1. Bestandsplanområdet sin avgrensing og storlek
2. Planperiode og art
3. Målsetjing
4. Organisering, drift og økonomi
5. Status
6. Minsteareal
7. Helsetilstand
8. Planperioden 2016 – 2018
9. Vurderingar
10. Oppsummering

## 1. BESTANDSPLANOMRÅDET SIN AVGRENSING OG STORLEIK.

Gulen – Masfjorden bestandsplanområde dekkjer heile Gulen kommune og nordsida av Masfjorden omtrent frå E 39. Furebotn og Vågseth er dei austlegaste valda der. Det er 23 godkjende vald i Masfjorden og 42 godkjende vald i Gulen. Det skulle bli 65 vald i alt. Valda har varierande storleik frå vel 1000 dekar til nesten 140 000 dekar. I Gulen vart det frå 2003 og utover skipa til 4 storvald.

VALD **TELJANDE AREAL**  
I DEKAR

| <b>Gulen</b>               |        |
|----------------------------|--------|
| Indre Oppedal              | 18450  |
| Ytre Oppedal               | 12194  |
| Asheim/ Sætre              | 14401  |
| Instefjord                 | 11592  |
| Kringla                    | 5777   |
| Enges/Yndesdal/Tynning     | 32381  |
| Wergeland                  | 7225   |
| Haugland                   | 7003   |
| Brekke                     | 3542   |
| Dale                       | 4004   |
| Grinde Nedre               | 5877   |
| Høyvik Nordre              | 2482   |
| Høyvik og Eide             | 3898   |
| Eide                       | 7021   |
| Steine                     | 8332   |
| Halsvik                    | 2822   |
| Glenja                     | 3320   |
| Svardal                    | 6026   |
| Merkesdal                  | 1865   |
| Fivelsdal                  | 4606   |
| Furenes og Sellevåg        | 2745   |
| Brandsdal                  | 4114   |
| Brandanger                 | 4748   |
| Sæternes                   | 2533   |
| Hausevik                   | 3180   |
| Neverdal                   | 4497   |
| Vikane                     | 2209   |
| Sande                      | 7331   |
| Risøy                      | 1906   |
| Dingja                     | 2584   |
| Fonna                      | 1117   |
| Stevnebø                   | 3590   |
| Straume/Vilsvik/Grimstad   | 8771   |
| Hjortås                    | 2098   |
| Midtre Gulen Hjortevald    | 139315 |
| Gulen Nord-vest Hjortevald | 72472  |

|                         |        |
|-------------------------|--------|
| Kversøy                 | 0      |
| Rød                     | 1086   |
| Randal og Midtbø        | 5271   |
| Ytre Gulen Hjortevald   | 47047  |
| Søre Rørteit            | 1708   |
| Store Vatnøy            | 1042   |
|                         |        |
| <b>Masfjorden</b>       |        |
| Solheim / Kalhovda      | 7900   |
| Furebotn                | 2760   |
| Fosseidal               | 3250   |
| Bergsvik                | 12300  |
| Reknes                  | 1400   |
| Duesund                 | 4000   |
| Hosteland               | 7340   |
| Kvamsdal                | 6500   |
| Birkeland               | 9500   |
| Lauveide                | 1840   |
| Stor Sleire             | 13500  |
| Sleire Lille            | 5450   |
| Frøyset Tangedal        | 11250  |
| Vågseth                 | 2270   |
| Torsvik                 | 2350   |
| Riisnes 1               | 2500   |
| Riisnes 2               | 2670   |
| Rambjørg                | 4250   |
| Haugsøyni               | 3100   |
| Haugsdal Ytre           | 4300   |
| Halsøy / Areklette      | 4650   |
| Brekke Lindebotn        | 1230   |
| Eikemo Stallane Solhaug | 8680   |
| Samla areal             | 605172 |

Styret i bestandsplanområdet oppmodar små einingar til å slå seg saman. Det er ein del fordeler med større einingar reint praktisk, og det er ein stor fordel for oss som driv litt med administrasjon og planarbeid.

Avgrensinga av planområdet vart gjort ved bruk av data frå merkeprosjekt og lokalkunnskap om hjorten sin arealbruk. Gulen og Masfjorden kommune var i 2013 – 2017 med i prosjektet «Hjort 2013 – 2017» i regi av Vestskog. Det vart skipa til informasjonsmøte på ulike stader i kommunane. Så samla ein kunnskap frå merkeprosjektet, kommunal viltkartlegging og god lokalkunnskap frå jegrar og grunneigarar og bestemte eit bestandsområde. Gulen – Masfjorden BPO meiner med grunnlag i dette at avgrensinga i høve hjortebestanden er god.

Eg viser til kart i den førre planen.Figur 1.Kart over Gulen/Masfjorden BPO.

## 2. PLANPERIODE OG ART

Gulen – Masfjorden bestandsplanområde søker om godkjenning av ein treårig plan for perioden 2019 – 2021 for forvaltning av hjorteviltet i vårt område. Planen gjeld arten hjort. Latinsk namn: Cervus elaphus. Me vil presentere eige søknadsskjema i slutten av denne planen.

## 3. MÅLSETJING.

Styret i Gulen – Masfjorden BPO har har konkrete målsetjingar for planperioden 2019 – 2021. Måla skal ta omsyn til offentlege krav og føringar som ligg til grunn for hjorteforvaltninga, mellom anna viltlova og forskrift om forvaltning av hjortevilt. Gulen – Masfjorden BPO meiner og at ein ny bestandsplan i rimeleg grad må ta omsyn til medlemmene sine synspunkt.

Forskrift om forvaltning av hjortevilt har krav om at grunneigarane sine bestandsplanar skal ta omsyn til offentlege målsetjingar. På kommunalt nivå finst det etter det me veit ikkje oppdaterte godkjende planar i Masfjorden og Gulen pr dato, men ein ny viltplan skal leggjast fram for godkjenning i Gulen 13.06.19.

Me presenterer i denne planen først vår eiga målsetjing. Gulen – Masfjorden BPO ønskjer å ha ein sunn hjortestamme som gjev eit haustbart overskot sett i høve til produktiviteten og mangfaldet i leveområda. Forvaltninga skal vidare sikre ein bestandsstorleik som ikkje fører til uakseptable skadar knytt til jordbruk, skogbruk, trafikk og andre samfunnsinteresser.

### HOVUDMÅL.

Hovudmålet for denne planperioden er å redusere hjortestamma.

Store deler av planområdet slit med alvorlege beiteplager og skade på innmark. Hjorten gjer også skade i planteskog, særleg på ungskogen. Hjorten tek seg i aukande grad inn på gravplassar og i hagar. Difor er det i samfunnet si interesse å redusere alle ulempene ein stor hjortestamme fører med seg.

#### Delmål.

Legge til rette for eit uttak lokalt i valda som tek omsyn til lokale ønske og behov.

Auke slaktevekt på kalvar og ungdyr.

Halde på den høge produktiviteten i bestanden, målt i kalv pr kolle.

Halde på den gode kjønnsbalansen i bestanden.

Under kapittel 5 vil me i stor grad vise til data henta frå «Forvaltningsplan for hjort, Gulen kommune». Det er difor naturleg å vise til hovudmåla i den planen.

#### 8.1.1 HOVUDMÅL

- Auke gjennomsnittsalder og – kondisjon på attlevande hjort etter jakta.
- Ha så mange hanndyr i bestanden at sett kolle pr. bukk vert 1,6 eller lågare.
- Helsetilstanden skal haldast på eit høgt nivå.

#### **4. ORGANISERING, DRIFT OG ØKONOMI.**

Valda i planområdet kan bli medlemsvald i Gulen – Masfjorden bestandsplanområde ved å signere ei innmeldingserklæring. Medlemsvalda har ein valdansvarleg representant som kan representera valdet på årsmøte og ved andre høve. BPO skal drive med hjorteforvaltning innanfor området, og medlemsvalda har gjennom vedtekten ein samarbeidsavtale om dette. Det er valda som får tildelt løyva frå kommunen etter godkjend bestandsplan. Løyve kan flyttast mellom vald dersom det vert underteikna ein skriftleg avtale om det. Det er valda som skal rapportere fellingsresultat og bestandsdata til kommunen.

Gulen – Masfjorden BPO vert drive av eit styre som driv planområdet etter vedtekten og vedtak fatta i årsmøte. Styret i BPO konstituerer seg sjølv med leiar, kasserar og sekretær. Styret syter for den faglege oppfølginga av planen, rapportering og eventuelle justeringar undervegs. Justeringar vil ofte skje i samarbeid med kommunane. Arbeid med dette skal konkretiserast i arbeidsplanen og budsjettet til BPO. Det vil også vere trond for informasjonsarbeid, kompetanseheving og auka oppslutnad. BPO søker kommunane om økonomisk stønad til den årlege drifta.

#### **5. STATUS**

Den grunneigarstyrte lokale hjorteforvaltninga skal vere kunnskapsbasert. Mål og tiltak må difor vere basert på best tilgjengeleg kunnskap til ei kvar tid. Kapittelet om status er laga med grunnlag i sett hjort, fellingsdata, merkeprosjekt og lokalkunnskap.

##### **5.1 Arealbruk og områdeavgrensing**

Gulen – Masfjorden BPO legg til grunn ei områdeavgrensing for planområdet som vist i kart i kapittel 1. Dette er gjort med grunnlag i data frå merkeprosjekt og lokalkunnskap. Topografien med «halvøya» gjer at ein har naturlege barrierer i nord, vest og sør. Grensa i aust følgjer kommunegrensa mot Høyanger før ho bøyar av mot sørvest mot E39 aust for Vågseth. Styret i BPO har ikkje fått inn merknader mot denne grensa så langt. Hjorten nyttar arealet i planområdet ulikt. Dyretettleiken er gjerne størst i grender med godt drifta innmark. Løyvefordelinga skal ta omsyn til uakseptabel skade på eng og skog.

##### **5.2 Bestandsutvikling og status**

Grunnlaget for bestandsutvikling og status i bestanden finn me i fellingsdata, sett hjort, vårteljing, merkeprosjekt og lokalkunnskap. Gulen kommune fekk og laga ein fagrappoart frå Norsk Hjortesenter i 2006 som beskriv utviklingstrekk i bestanden og eit bestands-estimat.

Det har vorte gjennomført sett hjort – registreringar i Gulen sidan 2003. I 2003 vart det skipa to storvald i Gulen, og der vart sett hjort ein del av kunnskapsbasen. I Gulen har me ganske gode registreringar over mange år. I Masfjorden starta dei med sett hjort – registreringar i 2005, men talmaterialet der er noko spinklare dei første åra.

### 5.3 Sett hjort

Observasjonar og felling av dyr skal gjerast registrerast systematisk av jegrane. I Gulen er det 75 – 80 jaktfelt som leverer sett hjort – skjema. Eg viser her til skjemaet på side 12 i forvaltningsplan for hjort, Gulen kommune. Skjemaet viser at det er enkelte toppår med svært mange obsevasjonar, gjerne etterfølgd av eit par år med litt færre observasjonar. Men går ein frå venstre mot høgre, ser me tydeleg ein stigande tendens. Fleire sette dyr på jakt indikerer aukande bestand i terrenget.

### 5.4 Fellingstal

Eg viser no til side 13 i Forvaltningsplan for hjort. Tabellen viser sum felte dyr i Gulen frå 2004 til 2018. Fellingstalet har omtrent dobla seg frå 2004 til 2016, og i 2018 vart det heile 800 felte dyr på grunn av ekstra tildeling på 152 dyr våren 2018. Auken i fellingstalet tyder på at bestanden er i god vekst.

Dei to neste tabellane på side 13 og 14 i forvaltningsplanen for hjort viser felt hjort pr jegerdag og sett hjort pr jegerdag. Dette er også gode indikatorar på utviklinga i hjortestammen. I 2004 vart det sett 1,44 hjort pr jegerdag. I planperioden 2016 – 2018 vart det observert om lag 2,2 dyr i gjennomsnitt pr jegerdag. Felte dyr pr jegerdag har auka frå 0,17 i 2004 til 0,26 i 2017. Dette tyder også på ein hjortestamme som er i vekst.

### 5.5 Slaktevekter

Det første diagrammet på side 15 viser utviklinga i slaktevekta på 1,5 år gamle dyr av begge kjønn.

Ein ser at snittvektene på både fjorkoller og spissbukkar har gått jamt nedover. Dyra i denne, aldersgruppa er gode å bruke til referanse fordi dei er lette å aldersbestemme ved hjelp av kinntennene i underkjeven. Dei har 5 kinntenner, og tann nr 3 er tredelt. Hannane har dessutan den karakteristiske piggen som førsteårsgevir. Reduserte vekter tyder på litt for dårlig næringsgrunnlag og for mange dyr.

Det andre diagrammet på side 15 viser utviklinga i snittvekta på kalv. Her er også tendensen at vekta har gått ned, og reduksjonen er på ca. 5 kg for begge kjønn.

### 5.6 Bestandsutvikling

I sett hjort samanheng har me eit parameter som vert kalla bestandsutvikling. Dette er illustrert i eit diagram på side 18 i forvaltningsplan for hjort. Dette er eigentleg ei samling av parameter som ein må bruke litt tid på å finne ut av. Eg kommenterer ikkje parameter eg har skrive noko om før. Sett kolle pr. bukk gjev oss eit forholdstal mellom kjønna i bestanden. Dei store eldre bukkane er svært viktige for bestandsutviklinga. Naturdata seier denne indeksen bør liggje mellom 1,5 og 2, og her ligg Gulen fint til med 1,73 i 2017 og 2018. Dei registrerte slaktevektene går ned også bukkar på 2,5 år eller eldre, og det er dårlig nytt. Tidleg brunst og paring er ein viktig faktor for å tidlegare kalving og høgare slaktevekter på kalvane.

Sett kalv pr kolle. Dette talet har lege rundt 0,6 og indikerer ein ganske stabil kalveproduksjon.

Sett spissbukk pr bukk. I gjennomsnitt ligg dette forholdstalet på 0,56, men i 2018 er det 0,67. Talet må ikkje bli for høgt. Det indikerer at det er for få eldre bukkar i bestanden.

Prosenttalet for felt av sette dyr, seier oss noko om jakttrykket på dei ulike kategoriane. Prosent felte bukkar av sette bukkar ligg ein god del over koller og kalv. Jegeren trykkjer lettare av når han har ein bukk i siktelinja, og det fører til at forholdsvis få bukkar vert store og attraktive avlsdyr.

#### 5.7 Fallvilt, trafikkdrepne og funne daude dyr på grunn av sjukdom eller avmagring.

Eg viser til tabellen på side 17 i «Forvaltningsplan for hjort» med tittelen «Fallvilt med dauden til følgje». Til vanleg er talet på registrerte fallvilt under 20 dyr. I 2018 fekk me ein spesiell ettervinter med ein god del snø. Så kom det regn og frost, og dermed vart snøen glasert. Dyra måtte ned låglandet, og det vart mange tilfelle av påkøyring langs vegane. I tillegg omkom dyr på grunn av svolt og sjukdom. Av tabellen ser me at 84 dyr enda som fallvilt i 2018. Slike år kan komme att, og følgjene vert alvorlege dersom dyretettleiken er stor

#### 5.8 Vårteljingar

Gulen kommune har hatt vårteljing i 19 år. Det vert gjennomført 3 teljingar med faste prosedyrer. Tabellen på side 17 i forvaltningsplan for hjort viser snittal for 3 teljingar (for 2018 berre 2 teljingar). Det er ein markert auke dei siste åra, og det er endå eit teikn på veksande bestand.

#### 5.9 Lokale sett hjort-observasjonar i talform

Eg tykkjer det er viktig å få med sett hjort-data frå Masfjorden også. Talet på vald som har sendt inn sett hjort-informasjon i 2018 har gått kraftig opp i Masfjorden i 2018, og det svært positivt.

##### SETT HJORT I MASFJORDEN

| PARAMETER              | 2016 | 2017 | 2018 |
|------------------------|------|------|------|
| Sett hjort             | 934  | 989  | 2277 |
| Sett hjort pr jegerdag | 1,11 | 1,97 | 1,66 |
| Felt hjort pr jegerdag | 0,19 | 0,24 | 0,22 |
| Sett kolle pr bukk     | 1,14 | 1,64 | 1,55 |
| Sett kalv pr kolle     | 0,61 | 0,56 | 0,64 |
| Sett spissbukk pr bukk | 0,63 | 0,51 | 0,63 |
| Slaktevekt hannkalv    | 25,4 | 23,7 | 24,1 |
| Slaktevekt hokalv      | 24   | 22   | 22,3 |
| Slaktevekt spissbukk   | 46   | 43   | 43   |
| Slaktevekt fjorkolle   | 43   | 40   | 38   |

##### SETT HJORT I GULEN

| PARAMETER              | 2016 | 2017 | 2018 |
|------------------------|------|------|------|
| Sett hjort             | 5252 | 6212 | 6686 |
| Sett hjort pr jegerdag | 2,12 | 2,35 | 2,18 |

|                        |      |      |      |
|------------------------|------|------|------|
| Felt hjort pr jegerdag | 0,26 | 0,25 | 0,26 |
| Sett kolle pr bukk     | 1,33 | 1,74 | 1,71 |
| Sett kalv pr kolle     | 0,65 | 0,62 | 0,55 |
| Sett spissbukk pr bukk | 0,52 | 0,61 | 0,64 |
| Slaktevekt hannkalv    | 24,3 | 25,3 | 23,5 |
| Slaktevekt hokalv      | 23,7 | 25   | 22,4 |
| Slaktevekt spissbukk   | 46   | 45   | 44   |
| Slaktevekt fjorkolle   | 44   | 45   | 42   |

### 5.9 Andre rapportar som seier noko om utviklinga i hjortestammen

Overvakingsprogrammet for hjortevilt 1991 – 2011, jf. Sluttrapport (Nina-rapport nr 885)

«For hjorten var bestandsutviklinga i alle tre overvakingsregionane prega av tre forhold:

Bestandsvekst, vektreduksjon og redusert produktivitet hos 2-åringane.

Den reduserte andelen kalvande 2-åringar skuldast i hovudsak reduserte haustvekter, som i all hovudsak er ein effekt av auka bestandstettleikar. Dei fleste kjønns- og alderskategoriane viste ein nedgang i slaktevektene på 10-15 % i perioden 1991 – 2011. Størst reduksjon i produktiviteten hos 2-åringane fann ein i Hordaland (Kvinnherad) der andelen kalvande toårskoller gjekk ned med heile 80% i løpet av overvakingsperioden, frå ca. 63% i 1991 til ca. 13% i 2001.

### Merkeprosjekt: Hordahjort

Dette prosjektet skulle finnne ut korleis hjorten vandrar og dra linjer for kva som er naturlege forvaltningsområde for ein hjortebestand. Eit direkte resultat av prosjektet er Gulen – Masfjorden bestandsplanområde. Prosjektet viste at auka tettleik fører til mindre vandring. Ein stasjonær hjort har gjerne dårlegare næringstilgang, og det vil sannsynlegvis gje lågare slaktevekter.

## 6. MINSTEAREAL

Minstearealet i Gulen kommune vart endra i forskrift om minsteareal for hjort med verknad frå 12.05. 2011. Ei mindre endring vart gjort i 2016 då Sande vald fekk eit minsteareal på 750 dekar.

1. Driftsplanområde 1: Valda Indre Oppedal, Ytre Oppedal, Wergeland, Haugland og Brekke får 500 dekar, resten av valda får 750 dekar.
2. Driftsplanområde 2: Heile driftsplanområdet får 750 dekar.
3. Driftsplanområde 3: Valda Eide, Steine og Halsvik får 500 dekar. Dei andre valda på fastlandet og Sande får 750 dekar, øyane får 1000 dekar.
4. Driftsplanområde 4: Alle valda på fastlandet, Fonna og Hisarøy får 750 dekar. Resten av øyane i dette området får 1000 dekar.

Styret i Gulen – Masfjorden BPO meiner hjortetettleiken i Gulen tilseier at dei eksisterande minsteareala må reviderast. I år må ein i altfor stor grad nytte full dispensasjon for å få tildelt nok fellingsløyve. Minstearealet er eit viktig verktøy for å gje ei korrekt tildeling av fellingsløyve.

Før fastsetjing av minsteareal skal kommunen vurdere følgjande punkt:

- Bestandane sin tettleik/storleik og samansetjing hovudsakleg basert på jaktstatistikk, sett hjort og andre tilgjengelege opplysningar om bestandsutviklinga for vedkommande art i kommunen.
- Beitetilhøva og arten sine livsvilkår elles, mellom anna sesongtrekk.
- Eventuelle konfliktar i høve til jord-, hage-, og skogbruk.
- Viltpåkjørsler langs veg og anna irregulær avgang. Andre moglege konfliktpunkt.

Minstearealet i BPO sin teig i Masfjorden er 600 dekar.

## 7. HELSETILSTAND

Helsetilstanden til hjorten i bestandsplanområdet er etter vår kunnskap jamnt over god. Me veit at smittepresset aukar dersom dyretettleiken vert for stor. Det er eit argument for å redusere bestanden. I tillegg fekk reinstammen i Nordfjella utbrot av CWD i 2016. Det er også noko som talar for å ha kontroll på bestanden.

## 8. PLANPERIODEN 2016-2018.

Gulen-Masfjorden BPO vart godkjent i 2016 med 21 vald i Gulen og 5 i Masfjorden. I utgangen av 2018 hadde talet i Gulen auka til 24. Dermed er over halvparten av dei 42 valda i kommunen medlemsvald , og medlemsvalda fekk tildelt 83% av fellingsløyva i 2018. På nordsida av Masfjorden er det 23 godkjende vald , og BPO har framleis berre 5 medlemsvald. Desse 5 valda fekk i 2018 tidelt 22% av fellingsløyva. Me skulle gjerne hatt meir musklar i Masfjorden , men det store gjennombrotet let vente på seg. Det er nok ein viss skepsis til både storvald og bestandsplanområde.

Styrearbeidet har gått greitt i heile perioden med 3 til 4 styremøte pr. år. Våren 2019 har me avvikla to årsmøte med godt frammøte, så demokratiet fungerer bra.

Me fekk tidleg signal om at bestandsplanen vår var for defensiv. Våren 2017 kom det inn meldingar om store hjorteflokkar på innmarka i fleire grender i Gulen. Vald i Midtre Gulen Hjortevald sokte om fleire fellingsløyve fordi hjorteflokkane var så mykje større enn før.

I 2018 samla Gulen - Masfjorden bestandsplanområde inn informasjon frå valda og sokte om ekstra tildeling av fellingsløyve. Vald utanfor BPO sokte også om fleire løyve. Gulen kommune delte ut 152 ekstra fellingsløyve i juni 2018. Det var eit vedtak som var heilt vesentleg for å regulere bestandsveksten.

Fellingsresultatet i bestandsplanområdet er dessverre meir todelt enn ein kunne ønskje. Masfjorden ligg ein del under Gulen i fellingsprosent. 2016 var ein spesielt dårlig jaktsesong på nordsida av Masfjorden med ein fellingsprosent på 62,8. Eg vil presentere tala på 3 ulike måtar.

#### MASFJORDEN

|         |                           |        |
|---------|---------------------------|--------|
| 2016    | 157 felte av 250 tildelte | 62,8 % |
| 2017    | 184 felte av 242 tildelte | 76,0 % |
| 2018    | 183 felte av 236 tildelte | 77,5 % |
| 2016-18 | 524 felte av 728 tildelte | 72,0 % |

#### GULEN

|         |                             |        |
|---------|-----------------------------|--------|
| 2016    | 672 felte av 754 tildelte   | 89,1 % |
| 2017    | 704 felte av 754 tildelte   | 93,4 % |
| 2018    | 800 felte av 906 tildelte   | 88,3 % |
| 2016-18 | 2176 felte av 2414 tildelte | 90,1 % |

#### GULEN – MASFJORDEN BPO

|         |                             |        |
|---------|-----------------------------|--------|
| 2016    | 829 felte av 1004 tildelte  | 82,6 % |
| 2017    | 888 felte av 996 tildelte   | 89,2 % |
| 2018    | 983 felte av 1142 tildelte  | 86,1 % |
| 2016-18 | 2700 felte av 3142 tildelte | 85,9   |

#### FELLINGSRESULTAT

##### MASFJORDEN 23

##### VALD

| ÅR OG TILDELING     | Hannkalv | Hokalv | Hanndyr | Hodyr | Vaksen | Vaksen | SUM | % felling |
|---------------------|----------|--------|---------|-------|--------|--------|-----|-----------|
|                     |          |        | 1,5     | 1,5   | bukk   | kolle  |     |           |
| 2016 250 løyve      | 25       | 20     | 26      | 25    | 28     | 33     | 157 | 62,8      |
| 2017 242 løyve      | 19       | 22     | 38      | 24    | 41     | 40     | 184 | 76        |
| 2018 236 løyve      | 23       | 26     | 42      | 23    | 29     | 40     | 183 | 77,5      |
| 2016-2018 728 løyve | 67       | 68     | 106     | 72    | 98     | 113    | 524 | 72        |

##### GULEN 42 VALD

|                |    |    |     |     |     |     |     |      |
|----------------|----|----|-----|-----|-----|-----|-----|------|
| 2016 754 løyve | 84 | 70 | 133 | 106 | 134 | 145 | 672 | 89,1 |
|----------------|----|----|-----|-----|-----|-----|-----|------|

|           |           |     |     |     |     |     |     |      |      |
|-----------|-----------|-----|-----|-----|-----|-----|-----|------|------|
| 2017      | 754 løyve | 84  | 82  | 134 | 123 | 144 | 137 | 704  | 93,4 |
| 2018      | 906 løyve | 95  | 102 | 153 | 139 | 138 | 173 | 800  | 88,3 |
| 2016-2018 | 2414      |     |     |     |     |     |     |      |      |
|           | løyve     | 263 | 254 | 420 | 368 | 416 | 452 | 2176 | 90,1 |

Felling område 39. Gulen og Masfjorden BPO 2016 - 2018

|                         |      |     |     |     |     |     |     |      |       |
|-------------------------|------|-----|-----|-----|-----|-----|-----|------|-------|
| Randal og Midtbø        | 19   | 2   | 3   | 4   | 2   | 4   | 2   | 17   | 89,5  |
| Ytre Gulen Hjortevald   | 144  | 13  | 7   | 21  | 23  | 25  | 18  | 107  | 74,3  |
| Søre Rørtveit           | 4    | 0   | 1   | 0   | 1   | 0   | 1   | 3    | 75    |
| Store Vatnøy            | 3    | 0   | 0   | 0   | 0   | 0   | 0   | 0    | 0     |
| <b>Masfjorden</b>       |      |     |     |     |     |     |     |      |       |
| Solheim / Kalhovda      | 48   | 1   | 6   | 7   | 4   | 8   | 9   | 35   | 72,9  |
| Furebotn                | 9    | 1   | 2   | 0   | 1   | 3   | 2   | 9    | 100   |
| Fosseidal               | 18   | 2   | 3   | 2   | 0   | 3   | 5   | 15   | 83,3  |
| Bergsvik                | 60   | 6   | 6   | 9   | 3   | 6   | 9   | 39   | 65    |
| Reknes                  | 9    | 2   | 1   | 2   | 0   | 1   | 2   | 8    | 88,9  |
| Duesund                 | 24   | 2   | 2   | 5   | 1   | 2   | 6   | 18   | 75    |
| Hosteland               | 48   | 7   | 0   | 10  | 2   | 6   | 7   | 32   | 66,7  |
| Kvamsdal                | 25   | 1   | 1   | 5   | 2   | 2   | 4   | 15   | 60    |
| Birkeland               | 57   | 9   | 10  | 8   | 11  | 4   | 8   | 50   | 87,7  |
| Lauveide                | 17   | 2   | 1   | 4   | 4   | 0   | 0   | 11   | 64,7  |
| Stor Sleire             | 60   | 3   | 3   | 3   | 6   | 11  | 7   | 33   | 55    |
| Sleire Lille            | 42   | 5   | 3   | 6   | 3   | 9   | 5   | 31   | 73,8  |
| Frøyset Tangedal        | 93   | 9   | 12  | 16  | 18  | 19  | 20  | 94   | 101,1 |
| Vågseth                 | 9    | 1   | 2   | 3   | 1   | 0   | 2   | 9    | 100   |
| Torsvik                 | 21   | 2   | 0   | 2   | 0   | 2   | 4   | 10   | 47,6  |
| Riisnes 1               | 24   | 3   | 3   | 6   | 3   | 5   | 3   | 23   | 95,8  |
| Riisnes 2               | 24   | 3   | 3   | 5   | 1   | 6   | 6   | 24   | 100   |
| Rambjørg                | 29   | 2   | 1   | 2   | 1   | 2   | 5   | 13   | 44,8  |
| Haugsøyni               | 9    | 0   | 0   | 0   | 0   | 0   | 0   | 0    | 0     |
| Haugsdal Ytre           | 48   | 1   | 3   | 6   | 7   | 5   | 3   | 25   | 52,1  |
| Halsøy / Areklette      | 22   | 0   | 1   | 1   | 0   | 1   | 0   | 3    | 13,6  |
| Brekke Lindebotn        | 6    | 1   | 2   | 0   | 2   | 0   | 1   | 6    | 100   |
| Eikemo Stallane Solhaug | 30   | 4   | 3   | 4   | 2   | 3   | 5   | 21   | 70    |
|                         | 3146 | 330 | 322 | 526 | 440 | 514 | 568 | 2700 | 85,8  |

|                                |  |  |      |      |      |      |      |
|--------------------------------|--|--|------|------|------|------|------|
| <b>Prosent</b>                 |  |  | 24,1 | 19,5 | 16,3 | 19,0 | 21,0 |
| <b>Mål prosent 2016 - 2018</b> |  |  | 25,0 | 17,5 | 17,5 | 20,0 | 20,0 |

|                               |      | <b>Mål<br/>2016-<br/>2018</b> | <b>Merknad</b>               |
|-------------------------------|------|-------------------------------|------------------------------|
| <b>Prosent kalv og ungdyr</b> | 59,9 | 60                            | Svært bra !                  |
| <b>Prosent hanndyr</b>        | 50,7 | 50                            | Fordeling hann/ho meget bra. |
| <b>Prosent hodyr</b>          | 49,3 | 50                            |                              |
| <b>Fellingsprosent</b>        | 85,8 | 80                            | Kjemperesultat!              |

## 9. VURDERINGAR

Styret i Gulen - Masfjorden BPO hadde eit møte med viltforvaltar Halvor Brosvik i desember 2018. Han snakka litt om planen for viltforvaltninga i Gulen kommune.

Ein skal halde på det gode kjønnstilhøvet som er i bestanden,målt i sett kolle pr bukk.

Ein skal legge til rette for eit uttak lokalt i valda som tek omsyn til lokale ønskjer og behov.

Ein må arbeide for å auke slaktevekter på kalvar og ungdyr.

1. Bør me skyte meir kalv?

2. Bør me skyte meir ungdyr?

3. Bør me skyte meir dyr totalt (auke tildelinga)?

4. Bør me skyte fleire koller?

Halvor har sett på åra 2015 - 2017 og vurdert det utfrå hovudmåla i planen: Å stabilisere bestanden på 2015- nivå. Halvor sin konklusjon er at målet ikkje er nådd.

Stammen må reduserast, mest på grunn av skade på innmark.

Det er eit godt kjønnstilhøve i stammen. Det må vidareførast.

Det er viktig å få med seg kva valda ønskjer og ha det i botnen når ein ny bestandsplan skal lagast.

Av dei fire spørsmåla er Halvor klar på at me må skyte 30 % kalv.

Styret i Gulen -. Masfjorden BPO har hatt 4 styremøte etter dette og hatt ein grundig diskusjon på kva som må prioritert. Me vel å prioritere spørsmål 3 og 4.

Me vil auke tildelinga, og me vil ha eit større uttak av koller. Tabellane frå Gulen viser høg fellingsprosent i heile planperioden. Vårteljinga viser tydeleg auke år for år. Observasjonane av dyr på innmark i mange bygdelag er urovekkjande høg. Sett hjort -parameter for slaktevekter på både kalv og ungdyr viser ein fallande tendens. Vårteljingane har vist aukande tal dei 4 siste åra. Alt dette peikar mot ein hjortebestand som er for stor.

Me vil dele inn i desse gruppene med slik prosentvis fordeling.

Kalvar : Minimum 25 %

Fjorkoller og eldre koller : 45 % ,av dette minimum 20 % fjorkoller

Spissbukkar : 15 %

Eldre bukkar : Maksimum 15 %

Dette vil gje eit høgre uttak av koller og mindre uttak av spissbukk og bukk. Kalvane ligg inne med same prosentsats som før, men truleg kan det samla uttaket av kalv og ungdyr gå litt ned. Det er difor svært viktig å skyte ein stor andel fjorkoller ,minimum 20 % av alle felte dyr.Då vil me kunne oppnå 60 % felling av ungdyr som før .Dersom det vert felt omtrent like mange kalvar av kvart kjønn, vil denne modellen føre til ei felling av 57,5 % hodyr og 42,5 % hanndyr. Det vil etter vår mening gje ein større sjanse for å stabilisere og redusere hjortestammen. Det vil kanskje gå utover den gode kjønnsbalansen, men det er truleg eit overskot av hodyr i bestandsplanområdet no.

Fordelinga av felte dyr pr kategori i 2016-2018 var slik i Gulen - Masfjorden BPO:

Kalv : 24,1 % Spissbukk : 19,5 % Fjorkolle : 16,3 % Vaksen bukk : 19,0 % Vaksen kolle : 21,0 %

Fjorkolle + vaksen kolle : 16,3 % + 21,0 % = 37,3 %

Me ser at skilnaden til vårt framlegg er avrunda 8 %. Ein såpass auke må til dersom me ønskjer ein synleg effekt. Verknaden av tiltaket må vurderast etter 2 år.

Eg har også rekna ut summen av fjorkoller og vaksne koller kvart år i begge kommunane.

MASFJORDEN : 36,6 % (2016), 34,6 % (2017), 34,7 % (2018)

GULEN : 37,4 % (2016), 36,5 % (2017), 39,0 % (2018).

Bestandsplanen vert utarbeidd med eit minsteareal som er i därleg harmoni med ein stor hjortestamme. Dette er særleg eit problem på fastlandet i Gulen der minstearealet er 750 dekar med få unntak. Planen lyt derfor reviderast neste år når dette problemet er løyst.

## 10. OPPSUMMERING

Gulen – Masfjorden BPO meiner avgjerslegrunnlaget er godt med dei data ein har tilgjengeleg. Me meiner hjortestamma er sunn og frisk, men det er urovekkjande at slaktevektene går ned for alle dyrekategoriar. Bestanden har auka ein god del i planperioden 2016 – 2018. Difor går me inn for å redusere hjortestammen i planområdet i planperioden 2019 – 2021.

## 11. HANDLINGSDEL

Handlingsdelen i planen skal leggje rammene for avskytinga i Gulen – Masfjorden BPO. Me legg opp til å auke fellingskvotane med over 20% i forhold til tildelinga i 2018. Valda som juridisk eining får tildelt fellingsløyve etter fordelinga i denne bestandsplanen, og dei får også oppgåva med å fullføre den praktiske delen.

Me meiner vår avskytingsmodell er eit godt verktøy for å redusere bestanden av hjort i planområdet.

### 11.1 Søknad

Gulen – Masfjorden bestandsplanområde søker om godkjenning av ein bestandsplan for treårsperioden 2019 – 2021 med ein årleg kvote for medlemsvalda på 1028 dyr, til saman 3084 løyve for heile planperioden.

Fordelinga av kvoten på kjønn og alder skal vere slik:

Kalvar : Minimum 25%

Fjorkoller og eldre koller : 45%, og minimum 20 fjorkoller

Spissbukkar : Minimum 15%

Eldre bukkar : Maksimum 15%

## Medlemsvald og tildeling 2019 - 2021

| <b><u>Vald</u></b>                   | <b><u>Tildeling</u></b> |
|--------------------------------------|-------------------------|
| 1411V0001 Indre Oppedal              | 198                     |
| 1411V0002 Ytre Oppedal               | 144                     |
| 1411V0003 Asheim / Sætre             | 60                      |
| 1411V0004 Instefjord                 | 75                      |
| 1411V0005 Kringla                    | 27                      |
| 1411V0006 Engeset/Yndesdal/Tynning   | 198                     |
| 1411V0010 Brekke                     | 30                      |
| 1411V0025 Grinde Nedre               | 21                      |
| 1411V0026 Høyvik Nordre              | 18                      |
| 1411V0028 Eide                       | 66                      |
| 1411V0032 Svardal                    | 48                      |
| 1411V0033 Merkesdal                  | 12                      |
| 1411V0034 Fivelsdal                  | 36                      |
| 1411V0035 Furenes og Sellevåg        | 15                      |
| 1411V0036 Brandsdal                  | 30                      |
| 1411V0037 Brandanger                 | 24                      |
| 1411V0038 Sæternes                   | 18                      |
| 1411V0042 Sande                      | 57                      |
| 1411V0067 Fonna                      | 6                       |
| 1411V0079 Midtre Gulen hjortevald    | 990                     |
| 1411V0080 Gulen Nord-vest hjortevald | 579                     |
| 1411V0086 Randal og Midtbø           | 30                      |
| 1411V0087 Ytre Gulen hjortevald      | 180                     |
| 1411V0088 Søre Rørtveit              | 9                       |
|                                      |                         |
| 1266V0024 Furebotn                   | 30                      |
| 1266V0030 Hosteland                  | 72                      |
| 1266V0035 Sleire Lille               | 60                      |
| 1266V0043 Haugsøyri                  | 3                       |
| 1266V0044 Haugsdal Ytre              | 48                      |
|                                      |                         |
| Alle medlemsvald                     | 3084                    |

Jarle Nordgulen, Tveitevegen 42, 5966

Eivindvik

[nordgulenjarle@gmail.com](mailto:nordgulenjarle@gmail.com)

mobilnr. 91726221

## Appendix 1 :REGLAR FOR OVERFØRING AV DYR

Desse reglane kom inn som eit tillegg då bestandsplanen vart revidert i 2017. Søknaden vart presentert i eit eige dokument som BPO ville ha særskilt vedtak på, men det vart berre inkludert i planen. Desse reglane er liberale, men dei er ein viktig faktor for å dra fleire vald inn i BPO.

### ÅRSKVOTE            DYR SOM KAN OVERFØRAST

|           |    |
|-----------|----|
| 1 til 5   | 1  |
| 6 til 10  | 2  |
| 11 til 15 | 3  |
| 16 til 20 | 4  |
| 21 til 25 | 5  |
| 26 til 30 | 6  |
| 31 til 35 | 7  |
| 36 til 40 | 8  |
| 41 til 45 | 9  |
| 46 til 50 | 10 |